



ÅRSMELDING 2013

Generelt.

I/S Fjordvegen Rute 13 er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra Rv/Fv 13 på Vestlandet som går gjennom dei 3 fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Fjordvegen Rute 13 er ei livsnerve for kommunane den går gjennom, både for næringsliv/turisme og innbyggjarar.

Fjordvegen Rute 13 har Riksvegstatus på strekninga Sandnes-Røldal (saman med E 134)-Jøsendal/Odda – Voss-Vik/Vangsnes-Hella (tilslutta med Rv 55 Hella-Sogndal) og Fylkesvegstatus på strekninga Dragsvik-Gaular-Moskog/Førde. Fv 13 /Rv 13 har turistvegstatus på strekningane Moskog/Førde- Balestrand, Kinsarvik – Tyssedal og Røldal-Forsand.

Nye vedtekter godkjende på Årsmøtet 2013 (Vedlagt)

Nye vedtekter for eit revitalisert IS Fjordvegen vart lagt fram av styret og vedteke på Årsmøtet 06.06.2013. Her er fokus på vegbygging med slikt føremål:

1. Å arbeida for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.
2. Å marknadsføra vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord – Jæren til Sunnfjord».

Medlemskap: Alle som støttar føremålet, kan verte medlem og betala etter kategori.

Styret:

Styret har 8 styremedlemer. Det er 5 årsmøtevalde for 2 år om gongen og 3 valde frå Fylkeskommunane for ein 4-årig valbol. Styret skal ha møte så ofte som arbeidet krev det. Styret skal driva selskapet for utvikling, pådriving og innimellom gje uttalar på vegne av organisasjonen.

Styret har i 2013 halde 4 styremøte og handsama 20 saker i tillegg til Årsmøtet som vart halde på Voss 06.06.2014.

Styret etter årsmøtet 2013:

2012/2014

Arne Kleppa

Marta Finden Halset

2013/2015

Bjørn Laugaland, Hjelmeland

Sigbjørn Hauge, Voss

John Opdal, Odda

Varamedlemmer rekkefølge for 2013/2014:

1. Harald Offerdal, Balestrand

2. Lilly Karin Helland, Voss

3. Kari Vaage Gjuvsland, Suldal

2011/2015 Fylkesvalde:

Per Kåre Foss Rogaland fylkesk

varamedlem: Geir S. Toskedal/
Gustav Fosse Løge

Einar Horvei, Hordaland Fylkesk

varamedlem: Gard Folkvord

Anders Ryssdal S&F fylkesk

varamedlem: Laila Rinde

Leiar 2013/2014: Arne Kleppa

Nestleiar 2013/2014: Marta Finden Halset

Valnemnd for 2013:

Hans Petter Thorbjørnsen leiar, Laura Seltveit og Jenny Følling

Administrasjon.

IS Fjordvegen Rute 13 kjøper administrative teneseter hjå Hardangerrådet iks. Dagleg leiar i Hardangerrådet iks Leiv Vambheim, er også dagleg leiar i IS Fjordvegen Rute 13 og saman med konsulent Trude L. Rinaldo er sekretariat for selskapet.

Profileringsmedarbeidar Hanne Sundbø er tilsett i Hardangerrådet frå 01.10.2013-30.09.2015 med oppgåve å profilera IS Fjordvegen Rute 13.

Hardanger Økonomiservice as har ført rekneskapen og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har vore revisor for selskapet.

Medlemskap.

I året 2013 har selskapet 14 kommunar, 2 regionråd, 5 næringsforeingar, 3 fylkeskommunar og 4 verksemdar som medlemmar:

Sandnes Kommune	Postboks 583	4305 SANDNES
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730 ULVIK
Sauda kommune	Postboks 44	4201 SAUDA
Strand kommune	Rådhusgt.	4100 JØRPELAND
Hjelmeland kommune		4130 HJELMELAND
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230 SAND
Forsand kommune		4110 FORSAND
Odda kommune	Oppheimsgt.31	5750 ODDA
Eidfjord kommune	Simadalsv. 1	5783 EIDFJORD
Ullensvang herad		5780 KINSARVIK
Voss kommune	PB 145	5701 VOSS
Gaular kommune		6973 SANDE I SUNNFJORD
Balestrand kommune	Rådhuset	6899 BALESTRAND
Vik kommune	PB 134	6891 VIK I SOGN
Sogn og Fjordane fylkeskommune		6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Rogaland fylkeskommune	Postboks 299	4002 STAVANGER
Hardangerrådet iks	PB 78	5782 KINSARVIK
Ryfylke iks		4130 HJELMELAND
Næringsforeningen i Stavanger-regionen	Pb 182	4001 STAVANGER
Vik Næringssamskipnad		6893 VIK i Sogn
Ullensvang Næringsforum	Pb 73	5782 KINSARVIK
Hjelmeland Vekst AS	Sande Næringsbygg	4130 HJELMELAND
Sunnfjord Næringsutvikling	Pb 133	6801 FØRDE
Stiftelsen Preikestolen	PB 199	4126 JØRPELAND
Hardangerbrua		5781 LOFTHUS
Følgefonntunnelen A/S		5470 ROSENDAL

Utmeldingar: Pr. 31.12.2013: Granvin herad og Sunnfjord Næringsutvikling fom 2014. Gaular kommune har meldt seg ut frå og med 2015.

Kontingentane for 2013:

Medlemskategori 1: Kommunar, Fylkeskommunar og offentlege selskap	kr 30.000
Medlemskategori 2: Næringssselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 20.000
Medlemskategori 3: Næringssselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 10.000
Medlemskategori 4: Andre	kr 5.000

Årsmøtevedtak: Fylkeskommunane blir beden om å betala 60.000 kr. Som ny kategori. (Dette er akseptert og vert fakturert f.o.m. 2013.)

Kort om arbeid i selskapet i 2013.

Avvikling av Fjordvegen Diktarvegen AS i 2013

Etter at finansieringa av selskapet Fjordvegen Diktarvegen AS stranda og selskapet i 2013 var bestemt avvikla, så har dagleg leiar hatt ansvaret for avviklinga saman med Registret Revisor Frank Olsen og Hardanger Økonomiservice. Heile 2013 har gått for å få på plass dei nødvendige formalitetane og slettinga i Brønnøysundsregistra skjedde nyåret 2014. IS Fjordvegen har i 2012 avskrive aksjekapital på 110.000 kr, nedskrive underskot på 40.000 kr og hatt kontantutlegg i 2013 på 10.000 kr med avviklinga i tillegg til medgått arbeidstid.

Avtale med Hardangerrådet om sekretærtenester og profileringstenester

Styret i IS Fjordvegen Rute 13 har inngått ny avtale med Hardangerrådet IKS om å drifta selskapet som dagleg leing sekretærtenester og engasjement av ein profileringsmedarbeidar i ½ stilling.

Hardangerrådet skal medhald av denne avtalen ha det daglege operative ansvar for gjennomføring av I/S Fjordvegen Rute 13 sine gjeremål slik dei til ei kvar tid vert fastsett av årsmøtet og styret i selskapet. Denne avtalen gjeld for 2 år for perioden 01.07.2013 – 30.06.2015.

I/S Fjordvegen Rute 13 si verksemd er i stor grad basert på relasjonsbygging og "lobbyverksemd" i alle samanhengar som er sentrale i arbeidet for utvikling av Rute 13. Profileringstenestene skal leggja vekt på intern og ekstern marknadsføring og profilering av I/S Fjordvegen Rute 13.

Nye vedtekter godkjende på Årsmøtet 2013 (Vedlagt)

Nye vedtekter for eit revitalisert IS Fjordvegen Rute 13 vart lagt fram av styret og vedteke på Årsmøtet 06.06.2013. Her har føremålsparagrafen fokus på vegbygging.

Vedtektene korrigert også ordninga med utmeldingar som no lyder:

«Utmelding av selskapet med bindande verknad for kontingentbetaling må vera gjort minst 1 år før det kalenderåret utmeldinga skal tre i kraft.»

Uttale til Regional Transportplan Sogn og Fjordane

IS Fjordvegen Rute 13 sende uttale til RTP S&F den 13.11.2013 med slike hovudpunkt:

«

1. Tiltaksplan for Nasjonal Turistveg Gaularfjellet.

- a. Fv 13 er Nasjonal Turistveg og I/S Fjordvegen Rute 13 vil be om at dette vert fokusert og teke med i prioriteringane i S&F Fylkeskommune. Både vegbanestandard, vegkantsikring, rastryggleik og framkome er avgjerande for korleis Nasjonal Turistveg Gaularfjellet vert opplevd som eit positivt image for reiselivsfylket Sogn og Fjordane. Det er derfor viktig at S&F Fylkeskommune saman med Nasjonale Turistvegar utarbeider ein tiltaksplan for NTGaularfjellet i samråd med kommunane Balestrand, Gaular og Førde.

- b. I/S Fjordvegen Rute 13 ber også S&F Fylkeskommune om å ta initiativ til å skunda på utbygginga av det ferdig planlagde Turistvegpunktet Utsikten.

2. Gaularfjellet treng akutt-tiltak.

Vegen over Gaularfjellet er 75 år og framleis viktig kontaktåre

- a. Svingane opp frå har vegskuldrar og støypekantar som held på å siga ut. Her er fare for utforkøyningar med tragisk utgang.

- b. Asfaltdекket på deler av fjellstrekninga er i trafikkfarleg stand og må utbetrast.

3. Rørvikfjellet er viktig pendlarveg

Vegen frå Eldalsosen til Moskog er også ein viktig pendlarveg og treng snarleg utbetring av flaskehalsar og generell standardheving.

4. Dragsvik ferjekai.

I samband med at Sogneregionen treng 30 min avgangar på trekantsambandet Vangsnes-Hella-Dragsvik så vil I/S Fjordvegen Rute 13 peika på at det er nødvendig å rusta opp kaien i Dragsvik for dei reisande og som eit viktig Turistvegpunkt.

I/S Fjordvegen Rute 13 vil med dette be om at Fylkesveg 13 mellom Dagsvik og Moskog vert prioritert med nødvendige tiltak i komande Handlingsprogram for RNT i S&F Fylkeskommune. I første programperiode prioriterer I/S Fjordvegen Rute 13 vegoppgradering og støypekant strekninga Vetlefjorden-Utsikten og flaskehalsutbetring på Rørvikfjellet. I neste programperiode må Nasjonal Turistveg Gaularfjellet få ei generell opprusting.»

Profileringsmedarbeidar.

Styret i har i samarbeid med Styret i Hardangerrådet iks utarbeidd Arbeidsbeskrivelse og Utlysingstekst for tilsetjing av ny Profileringsmedarbeidar. Hanne Sundbø vart tilsett i stillinga for perioden 01.10.2013 – 30.09.2015. Styret har utarbeidd ny Handlingsplan og Tiltaksliste for profileringarbeidet. Som konkrete tiltak har styret godkjent tiltaksplan for dei 2 områda: Profileringarbeid og Påverknadsarbeid. Gjennomføringa av tiltaka er starta opp og vil gje auka aktivitet i profileringperioden. Nokre døme på tiltak:

Medlemskontakt for oppdatert informasjon og engasjement for selskapet. Møte med Samferdselsstyra i dei 3 Fylkeskommunane. Medlemsrekruttering, Nyhendeblivet «Fjordvegendrøsen». Facebook-profil. Ny heimeside (www.fjordvegen.no). Aktiv pressekontakt. Ny brosjyre.

Det er sett opp ei fylkesvis prioritering av påverknadstiltak inn mot nye vegprosjekt. Samarbeid med Nasjonale Turistveg og Destinasjonsselskap langs Rute 13 er viktige tiltak.

Styretur 28.-29.20.2013

Styret i IS Fjordvegen Rute 13 saman med dagleg leiar og profileringmedarbeidar gjennomførte ein styretur i oktober 2013. Føremål med reisa var å møta, lytta til og ha dialog med medlemmer frå næring og kommunar/ fylkeskommunar. Ein la vekt på å konkretisera selskapet sin nye giv, få konkrete innspel til prioriteringar, visa ønskje om nye medlemmer og få tilbakemelding om medlemmene sine forventningar til vegutbygging/opprusting/vedlikehald.. På møta var medlemmene representert ved Ordførarar/Varaordførarar/Rådmann, Fylkeskommune, Næringssjefar, leiarar i Næringsforeiningar og direkte medlemmer. Under styreturen fekk styret også dokumentert standarden på Rv13/Fv13 og med sjølvsyn sett dei mange utbetnings-strekningar og punkt som det må på dagsorden framover.

Statusrapportar frå utviklinga av Rv/Fv 13 i dei 3 fylka.

Kvart styremøte har ein eigen post der styremedlemmene oppdaterer kvarandre om kva som skjer på vegsektoren for Rv/Fv 13 i sine område. På denne måten kan styremedlemmene sjå heile Fjordvegen samla og kan bruka informasjonen til vidare arbeid for regionane sine eigne prosjekt. Det skjer gledeleg mykje langs Rv/Fv 13 og mange planar er under arbeid. Den gule stripa et seg framover meter for meter. Saman med flinke kommunar og vegselskap, langs og i tilknytning til Rv/Fv 13, vert det tunnelar, bruer, utbetningar og rassikring. IS Fjordvegen Rute 13 understrekar at selskapet vil vera ein profilert medspelar, pådrivar og reiskap for all aktivitet som betrar Rv/Fv13, men er avhengig av aktive kommunar og vegselskap og kan ikkje overta for desse.

Kort rapportering for Strategi- og Handlingsplan 2013-2016

Årsmøtet 2013 godkjende sin strategi og handlingsplan for dei komande åra. Styret har i 2013 laga ein oppdatert Handlingsplan og denne har vorte vidare utvikla med Tiltaksplanar for Profilering og for Påverknad.

Strategi 1. Intern profilering og marknadsføring

Nyhendeblivet «Fjordvegendrøsen». Facebook-profil. Ny heimeside (www.fjordvegen.no).. Styreturen.

Strategi 2. Ekstern profilering og marknadsføring

Facebook-profil. Ny heimeside (www.fjordvegen.no). Aktiv pressekontakt.

Uttale til Regional RTP Sogn og Fjordane.

Strategi 3. Medlemskap

Møte med Fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane avtala på nyåret 2014

Kontakt med enkeltverksemdar og næringsforeiningar langs Rute 13 for nye medlemskap.

Startegi 4. Bodskap og prioriteringar
Styret har godkjent ei fylkesvis prioriteringsliste for påverknadsarbeidet i selskapet.

Kommentarar til rekneskapen. Vidare drift.

Rekneskapen for 2013 er ført etter rekneskapslova som eige selskap av Hardanger økonomiservice og revidert av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt. Rekneskapen for 2013 viser at selskapet hadde medlemsinntekter på 628.000 kr og driftsutgifter på 450.000 kr. og renteinntekter er på 22.000 kr. Driftsresultatet er på 196.590 kr. Eigenkapitalen er på 719.181 kr. pr 31.12.2013.

Diverse.

Arbeidsmiljø og personale.

Selskapet har ikkje egne tilsette, men kjøper sekretærenestene frå Hardangerrådet iks der Leiv Vambheim er dagleg leiar i begge selskapa i 2013.

Likestilling.

Selskapet sitt styre er 7 menn og 1 kvinne og varamedlemmene i styret er 6 menn og 2 kvinner.

Miljø.

IS Fjordvegen si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Lofthus 07.05.2014

.....
Arne Kleppa
Styreleiar

.....
Marta Finden Halset
Nestleiar

.....
Bjørn Laugaland
Styremedlem

.....
Sigbjørn Hauge
Styremedlem

.....
John Opdal
Styremedlem

.....
Per Kåre Foss
Styremedlem

.....
Einar Horvei
Styremedlem

.....
Anders Ryssdal
Styremedlem

.....
Leiv Vambheim
Dagleg leiar